



**Sirdal kommune**  
Skuleeininga

# KVALITETSUTVIKLINGSPLAN

## PERIODE 2017-2021



### PLAN FOR SKULEÅRET 2020-2021

#### Sinnes skule

*"Sirdalsskulen - Ein god stad å vera - ein god stad å læra"*

---

Postadresse:  
Rådhuset  
4440 Tonstad

Besøksadresse:  
Rådhuset, Tonstad

Telefon: 38 37 90 00  
Telefaks: 38 37 90 01  
31320700038  
Bank kto.:

Internett: [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)  
E-post: [post@sirdal.kommune.no](mailto:post@sirdal.kommune.no)  
Org.nr.: 964964165

## Innhald

Innleiing .....	3
Om skulen .....	3
Mål frå "Sirdalsskulen – mål og strategiar" .....	4
Mål for skulen i gjeldande fireårsperiode .....	5
Mål .....	5
1) Lesing i alle fag .....	5
2) Trivsel .....	5
3) Fagfornyinga .....	5
Plan for skuleåret .....	6
Lesing i alle fag .....	6
Trivsel.....	7
Fagfornyinga .....	8
Evaluering .....	9
Rapportering .....	9

## Innleiing

Kvalitetsutviklingsplanen er ein del av skuleeigar sitt forsvarlege kvalitetsvurderingssystem, jamfør opplæringslova §13.10.

"Sirdalsskulen – mål og strategiar" dannar grunnlag for kvalitetsutviklingsplanen for skulane. Skulane må i tillegg bruka evaluering av eksisterande satsingsområde som utgangspunkt for sine prioriteringar.

Rektor er ansvarleg for å utarbeida og levera kvalitetsutviklingsplan til einingsleiar skule. Planen skal bestå av ein fireårig del, samt ein plan for kvart skuleår. Den fireårige delen skal leverast inn i starten av perioden, medan plan for skuleåret blir levert kvart år.

Frist for innlevering er 20. august kvart år.

## Om skulen

Fakta for gjeldande skuleår:

	Skuleår 2020-2021
Tilsette	12
Årsverk	8,23
Elevlar i skulen	34
Elevlar i SFO	5

Kjennemerke for skulen (styrkar og utfordringar)

Sinnes skule er ein stad med eit trygt miljø for elevane der alle kjenner kvarandre, der elevane blir sett av dei vaksne og der alle møter kvarandre med gjensidig respekt. Skulen ligg i flotte omgjevnader med godt fysisk miljø og nærrområde. Det er god dialog og godt samarbeid på teama, og lærarane er fleksible og kan ta ting "på sparket". Det er stor breidde i den pedagogiske kompetansen, og det er lett å arrangera ekskursjonar og overnattingsturar. Me legg vekt på eit positivt samarbeid med foreldra.

## Mål frå "Sirdalsskulen – mål og strategiar"

["Sirdalsskulen – mål og strategiar"](#) er eit overordna kommunalt styringsdokument for vaksenopplæringa og dei to grunnskulane i Sirdal kommune.

Dokumentet peikar på tre satsingsområde med tilhøyrande målformulering. Desse områda og måla, saman med resultatmåla for eininga, skal danne grunnlaget for dei måla skulen set. Dokumentet viser kjennemerke på måloppnåing, og har ein tiltaksdel.

For perioden 2017/2018 – 2020/2021 er desse områda og måla gjeldande:

### **Samarbeid i heile organisasjonen**

Sirdalsskulen legg til rette for at elevar, deltakarar, foreldre, føresette, rådsorgan, tilsette og skuleeigar er aktive samarbeidspartnarar for å vidareutvikla Sirdalsskulen som ein lærande organisasjon.

### **Trygt læringsmiljø**

Sirdalsskulen har eit læringsmiljø prega av inkludering og trivsel.

### **Eleven sine læringsprosessar og resultat**

Sirdalsskulen har gode lærarar som driv tilpassa opplæring prega av høg fagleg kvalitet, gode tilbakemeldingar, praktiske aktivitetar i undervisinga og varierte arbeidsmetodar.

## Mål for skulen i gjeldande fireårsperiode

### Mål

Skulen har følgjande hovudmål og prioriterte tiltak for perioden

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Prioriterte tiltak
<b>1) Lesing i alle fag</b>	Skulen arbeider systematisk med gode grunnleggjande dugleikar og varierte læringstrategiar	a) Vurdering for læring og lesing i alle fag b) Arbeid med nasjonale prøver på alle trinn og i alle fag c) Arbeid med litteratur
<b>2) Trivsel</b>	Elevar opplever trivsel og læringslyst	a) Arbeid med trivselsfremjande tiltak b) Arbeid gjennom UNESCO sitt skulenettverk ASP-net
<b>3) Fagfornyinga</b>	Fagfornyinga er implementert i dei ulike årsplanane hausten 2020, både overordna del og fagplanane	Arbeid med overordna del og fagplanar hausten 2020

Behov for kompetanseheving i perioden, inkludert fagkompetanse

<p><b>Lesing i alle fag:</b> Som ein del av pedagogisk utviklingsarbeid på skulen</p> <p><b>Trivsel:</b> Kurs i <i>Zippys venner</i> og opplæring i <i>Passport</i> for ev. nye tilsette og inspirasjonsseminar for MOT-coachar ved skulen. Kurs for nye TL-leiarar (7. klasse)</p> <p><b>Fagfornyinga:</b> Skuleutviklinga Desentralisert kompetanseutvikling i Lister (DEKOM Lister) v/Lister pedagogiske senter og Universitetet i Agder (UiA) vert avslutta hausten 2020, medan arbeidet blir vidareført lokalt på Sinnes skule og i Sirdalsskulen</p>
--

## Plan for skuleåret

Mål Lesing i alle fag	Kjenneteikn på måloppnåing	Tiltak	Ansvar
1a) Vidare arbeid med vurdering for læring	Mål på vekeplanane i alle fag, både teoretiske og praktisk-estetiske.  Undervegsvurdering kvar veke (munnleg eller skriftleg)	Elevresultat blir registrerte i <a href="#">Conexus Engage</a>	Teamleiarar saman med faglærarar
1a) Elevane meistarar dei grunnleggjande dugleikane i lesing, rekning og engelsk	Snittresultat over middels nasjonalt på nasjonale prøver	Arbeid før, under og etter i fag- og laggrupper  Arbeid med oppgåvetypar elevane kan møte på nasjonale prøvar  Elevresultat blir registrerte i <a href="#">Conexus Engage</a> , inkludert LeseLOS	Teamleiarar saman med faglærarar
1b) Skapa leseglede	Lærar les minst to (2) skjønnlitterære romanar eller fagbøker høgt for samla klasse, ev. på engelsk  Utlånet på skulebiblioteket held fram som nå eller blir høgare	Bli samde om kva bøker som kan vera aktuelle under arbeidet med fagfornyninga, jf. "Ein raud tråd ..."  Arbeid med lesefremjande tiltak, ev. deltaking i ulike tilbod som <i>Tid for ti, tXt</i> , <i>Leseskogen</i> , <i>Bokslukerprisen</i> , <i>Norli junior</i> og <i>Sommarles</i>  Verdas bokdag blir markert 22.04.20	Teamet  Bibliotekar og faglærarar  Oppnemnd arbeidsgruppe

<b>Mål Trivsel</b>	<b>Kjenneteikn på måloppnåing</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
2) God trivsel blant elevane	<p>1.-klassingane er trygge ved skulestart og på felles-samlingar</p> <p>Resultata på elevundersøkinga og lokal trivselsundersøking held fram eller blir betre</p> <p>Ulike planar vert lagde ut på heimesida på lik line med årsplanar</p>	<p>7. klasse er fadder for 1. klasse</p> <p>Haldningsskapande arbeid, jf. sosial læreplan, gjennom "Zippys venner" (1-4) og "Passport" (5-7), samt TL (trivselsleder.no)</p> <p>Plan for heim-skule-samarbeidet vert utarbeidd av klassekontakt og klassestyrar innan 15. september kvart år</p> <p>Foreldre og elevar på Sinnes og Tonstad skule har samling(ar) med samlande aktivitetar. Ut i frå gjeldande Covid-19-reglar blir samarbeid utsett.</p>	<p>1.- og 7.-klasselærer</p> <p>Alle</p> <p>Klassestyrar og klassekontaktar</p> <p>Foreldre-representantar</p>
2b) Elevane skal oppleve samhald og meistring gjennom fellesopplevingar	Elevane viser interesse og aktiv deltaking på fellesaktivitetar	<p>Morgonsamling med vekt på barne- og menneskerettar, SN sine tusenårsmål og Sinnes skule sine sosiale mål</p> <p>Arbeid gjennom UNESCO sitt skulenettverk ASP-net</p> <p>Overnattingstur/dagstur for heile skulen</p>	<p>Dei ulike klassane etter eigen plan</p> <p>Klassestyrar og aktuell(e) faglærer(ar)</p> <p>Rektor, klassestyrar og aktuell(e) faglærer(ar)</p>

<b>Mål Fagfornyninga</b>	<b>Kjenneteikn på måloppnåing</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
3a) Vidare arbeid med vurdering for læring og nye fagplanar	Aktuelle elevresultat er registrerte i <a href="#">Conexus Engage</a> , inkludert LeseLOS	Pedagogisk utviklingsarbeid kvar 3. veke - obligatorisk frammøte	Leiargruppa  Teamleiarar saman med faglærarar  Faglærar
3b) Overordna del og fagplanar i læreplanen blir arbeidd vidare med skuleåret 2020/2021	Alle lærarar legg inn overordna del som ein del av årsplanane	Overordna del, tverrfaglege tema og fagplanane blir arbeidd med på personalmøta og i mellomperiodane. Lærarane brukar planleggingsverktøyet til Udir i minst eitt fag for å laga periodeplanar	Faglærarar



## Evaluering

Skulane vurderer kvart år i kor stor grad dei har nådd oppsette mål i kvalitetsutviklingsplanen/plan for skuleåret. Evalueringa må inngå i årshjulet til skulane.

Evalueringa skal danna grunnlag for ny plan for neste skuleår, ev. ny fireårsplan for neste periode.

Kva	Kven deltek	Når	Ansvar
Sjå over	Sjå over	Mai 2021	Rektor

## Rapportering

Rektor har ansvar for å rapportera til einingsleiar om skulen si måloppnåing

a. Delrapport i samband med økonomiplan og tilstandsrapport okt./nov.

b. Hovudrapport om kvalitetsutviklingsplanen innan 15. juli